

Fra: John Martin Jacobsen (John.Martin.Jacobsen@hfk.no)

Sendt: 06.11.2017 13:41:39

Til: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Kopi:

Emne: VS: Austrheim kommune sin uttale til Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Vedlegg:

Fra: Asbjørn Nagell Toft [mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no]

Sendt: 6. november 2017 13:39

Til: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>

Emne: VS: Austrheim kommune sin uttale til Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Til Hordaland Fylkeskommune v/John Martin Jacobsen

Uttalen frå Austrheim kommune vert sendt dykk i samråd med ordførar Per Lerøy. Av ulike årsaker vart den ikkje sendt dykk tidlegare. Her er Austrheim kommune sin uttale:

Austrheim kommune sin uttale til Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Austrheim kommune ynskjer meir midlar til kantforsterking av eksisterande fylkesvegar og meir midlar til asfaltering av fylkesvegane. Å ta vare på og vedlikehalda eksisterande fylkesvegar og eksisterande fylkeskommunale gang- og sykkelvegar må prioriterast først og høgt.

Trafikksikker kommune:

Austrheim kommune var deltakar i pilotprosjektet " Trafikksikker kommune" og fekk godkjenning formelt i 2016. Prosjektet var eit samarbeid med Trygg trafikk og Hordaland fylkeskommune og skal sikre eit systematisk arbeid for å auke trafikktryggleiken i kommunane. For å oppnå godkjenninga "**Trafikksikker kommune**" må kommunen dokumentera at ein arbeider heilhetleg og målretta med trafikktryggleiken. Det forpliktar kommunane som deltek i dette pilotprosjektet framover. Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet å ta inn over seg dette med å prioritera trafikksikringstiltak langs fylkesvegane i dei kommunane som har gjort eit systematisk arbeid med dette. Det gjeld både kommunane Austrheim og Lindås i Nordhordland.

Gang- og sykkelvegar og rundkøyringar som er ferdig regulert:

Austrheim kommune synes det er viktig at gang- og sykkelvegar vert bygd ferdige steg for steg der reguleringsplanar er ferdig godkjente. I Austrheim kommune gjeld det reguleringsplan **«Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy»**.

Den vart godkjent den 28.02.2017. Her vart det og gjeve fylkeskommunale planmidlar til støtte for planarbeidet. Det er viktig at arbeidet med å få på plass ein samanhengande gang- og sykkelveg langs FV 565 og til kommunenesenteret vårt med kjem med i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Det gjeld og reguleringsplan for **«Fylkesveg 57 gang/sykkelveg - parsell Lindås kommunegrense til Mongstadkrysset»**.

Den vart godkjent den 23.05.2017. På denne strekninga er det mykje trafikk til og frå Mongstad-området. Å få på plass det som er regulert her, mellom anna kryss med rundkøyring ved Keilevegen vil vera eit viktig tiltak for trafikktryggleik her. Dette må inn i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Også Leirvågkrysset med rundkøyring må prioriterast i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Denne rundkøyringa vart regulert ferdig i **«Detaljregulering Næringsområde N05 Leirvågkrysset»**. Den vart godkjent den 27.11.2014. Dette er ei rundkøyring på Fv. 57 og som går til ei viktig ferjestrekning Leirvåg-Sløvåg, den går over Fensfjorden.

Trafikksikring:

Austrheim kommune synes det er viktig å prioritera tiltak som er med i dei kommunale trafikksikringsplanane.

Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023 for Austrheim kommune vart godkjent den 27.10.2016. Her er det prioritert høgt mellom anna planfri overgang i Nordre Fonnesvågen ved Fonneskrysset. Den er regulert i **«Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131»**. Den vart godkjent formelt den 11.02.2016. Det er viktig å ha midlar til slike tiltak som er viktig for trafikktryggleiken lang Fv. 565. Dette må inn i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Økonomisk støtte til planarbeid:

Austrheim kommune ber om at det vert gjeve fylkeskommunale planmidlar til å starta planarbeidet med reguleringsplan for **«Fylkesveg 565 gang/sykkelveg- parsell Littlelindås til Austrheim»**. Dette planarbeidet er med i planstrategien i Austrheim kommune som var godkjent den 15.12.2016. Dette planarbeidet må prioriterast i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)